



Kulturdepartementet

Brattvåg 25.09.2014
Vår sakshandsamar: JGdeP
Vår ref.: 14/00008-002
Arkivkode: 329

Høyringsuttale om overføring av prestetenesta frå staten til kyrkja

Haram kyrkjelege fellestråd (heretter berre kalla «fellestrådet») har lese høyringsnotatet frå Kulturdepartementet om eit tydeleg skilje mellom staten og Den norske kyrkja (heretter berre kalla «kyrkja») med stor interesse. Høyringsnotatet kjem som eit resultat av dei seinaste religions- og kyrkjelegrelaterte endringane i Grunnlova og av Kyrkjemøtet sine vedtak om desse sakene. Notatet gjev inntrykk av å vere godt gjennomarbeidd og osar av den etablerte statlege politikk som gjeld alle endringar i høve til kyrkja: eitt steg av gongen.

Sjølv om framlegga i høyringsnotatet i stor grad er i samsvar med Kyrkjemøtet sitt siste vedtak om saka, er fellestrådet svært skeptisk til dei endringane som her vert gjort framlegg om. Fellestrådet vi gi uttrykk for sin skepsis knytt til tre punkt i høyringsnotatet:

1. Overføring av prestane til eit nasjonalt rettssubjekt
2. Lovfesting av prest, prost og biskop
3. Departementet si rolle ved soknesamanslåing

1. Overføring av prestane til eit nasjonalt rettssubjekt

I kapittel 3 i høyringsnotatet vert det gjort framlegg om oppretting av eit nasjonalt rettssubjekt for kyrkja. Vidare vert det gjort klart at dei nasjonale og regionale kyrkjelege organ som i dag er underlagt staten, skal overførast til dette rettssubjektet. Dette gjeld Kyrkjemøtet, Kyrkerådet, Bispedømeråda og Bispemøtet. Det vert gjort framlegg om at dette rettssubjektet skal ha Kyrkjemøtet som øvste organ og at arbeidsgjevaransvaret for prestetenesta og administrasjonen ved dei nasjonale og regionale råda skal underleggast dette organet.

Fellestrådet meiner det er rett og godt at det vert oppretta eit nasjonalt rettssubjekt for kyrkja, og framlegget i høyringsnotatet er i samsvar med Kyrkjemøtet sitt vedtak i 2013 om saka. Men Kyrkjemøtet vedtok også den gongen at ei slik overføring av prestetenesta til eit nasjonalt rettssubjekt «ikke endelig fastlegger hvor arbeidsgiveransvaret i en fremtidig kirkeordning skal plasseres. Kirkemøtet fastholder målsettingen i tidligere kirkemøtevedtak om felles arbeidsgiveransvar i en framtidig kirkeordning.»

Fellestrådet har dessverre ingen tru på at ei overføring av prestetenesta til det nasjonale rettssubjektet i lengda vil verte ei god løysing for kyrkja. Det er tydelegvis ei god løysing for staten. For med denne løysinga vil staten få rydda opp i sitt problem med å samtidig vere livssynsøytral og arbeidsgjevar for prestane i Den norske kyrkja. Dette er bra for staten.

Men med denne løysinga vil kyrkja ikkje oppnå sitt vedtekte mål om å få ei arbeidsgjevarlinje. Og med denne endringa vil dette målet bli fjernare enn nokon gong, på tross av Kyrkjemøtet sitt optimistiske vedtak om at dette ikkje skal vere ei endeleg ordning. Dette er det tre gode grunnar til. For det første, så veit alle som kan det minste grann om arbeidsgjevaransvar og personaladministrasjon, at dette er vanskeleg, ressurskrevjande arbeid, med uendeleg forbettringspotensial. Dette er eit arbeid som krev lang tid å byggje opp og som krev langsiktige mål. Det vil derfor vere bortkasta tid og pengar å overføre prestetenesta til eit nasjonalt rettssubjekt som ei «førebeles» ordning, for så litt seinare å skulle gå i gong med nok ei

omorganisering med påfølgande overføring av prestetenesta til ei anna struktur/ordning, med dertil tilhøyrande behov for nye strukturar, reglement, rutinar, osb.

For det andre vil det òg vere svært urealistisk at ei slik framtidig omorganisering faktisk *vil* skje, sidan det har vist seg umulig for kyrkja i løpet av tiår på tiår med utval og utgreiningar å einast om ei slik struktur. Sjølv dei siste åra, vel vitande om at ei overføring av prestetenesta frå stat til kyrkje er i kjømda, har ikkje kyrkja makta å einast om korleis ho skal oppnå sitt mål om felles arbeidsgjevaransvar for prestane og dei andre kyrkjeleg tilsette. Dermed er det svært sannsynleg at ei slik tiltenkt førebels overføring av prestetenesta til eit nasjonalt rettssubjekt for kyrkja i realiteten vert siste stopp for prestane, og at kyrkja aldri vil oppnå sitt vedtak om felles arbeidsgjevaransvar for sine tilsette.

For det tredje er det ei kjennsgjerning at strukturendringar kostar pengar. Med ei sjølvstendig økonomi i framtida og utan høve til å be staten betale for moroa, vil kyrkja rett og slett ikkje ha råd i framtida til nok ei omorganisering for å skape ei felles arbeidsgjevarlinje. Det er *no* kyrkja har høvet til å gjennomføre sin draum om felles arbeidsgjevaransvar, ikkje seinare.

På bakgrunn av dette vil fellesrådet tilrå at ein ventar med overføring av prestetenesta frå staten til kyrkja, til ein har funne ut av korleis den endelege arbeidsgjevarordninga i kyrkja skal vere. Først då vil det vere høve til å overføre prestetenesta til ein endeleg kyrkjeleg struktur. I dei komande åra vil det sannsynlegvis verte samanslåing av fellesråd i stor stil, i samsvar med kommunereforma. Det beste er å vente med overføring av prestetenesta til kyrkja til denne prosessen er avklart.

2. Lovfesting av tenesta til prest, prost og biskop

I kapittel 5 gjer departementet framlegg om følgjande lovfesting av prestetenesta: «Hvert sokn skal være betjent av prest, hvert prosti av prost og hvert bispedømme av biskop.» Fordelen med denne formuleringa er at den lovfestar den folkekyrkjelege karakteren til kyrkja. Den sikrar at kyrkja held fram med å vere til stades både lokalt og regionalt.

Men slik fellesrådet ser det, er det òg fleire problem med denne formuleringa. For det første risikerer den (kanskje utan å ville det) å binde kyrkja til ei viss struktur og organisering. I løpet av dei siste åra har det vore fleire framlegg om større endringar i kyrkja si ordning med tanke på å gjennomføre felles arbeidsgjevaransvar. Det vil derfor vere eit stort paradoks om nettopp staten, i sin iver etter å frigjere seg frå styring og innblanding i kyrkjelege tilhøve, bidreg til å binde den kyrkjelege diskusjon om kva for struktur kyrkja skal ha i framtida. Ei lovfesting av prestetenesta, slik den er formulert i framlegget frå departementet, kan verte eit uoverstigeleg hinder mot å nå fram til eit felles arbeidsgjevaransvar i framtida.

For det andre går det fram av høyringsframlegget at den framtidige statlege finansieringa av det nasjonale rettssubjektet vil endre karakter, frå «utgift» til «tilskot». Denne endringa er meir enn eit val av ord. Den vil innebere at tilskotet som kyrkja får vil vere underlagt budsjettforhandlingar i Stortinget på same måte som andre tilskot som staten gjev. Dette er ulikt dagens ordning, der staten som arbeidsgjevar har ansvar for å dekkje dei utgiftene den har med å vere arbeidsgjevar for prestane. Dermed vil ikkje kyrkja lenger ha nokon garanti for at utgiftene ho har til preste-, proste- og bispetenesta vil kunne dekkjast av det årlege tilskotet frå staten. Dette kan føre til ein situasjon der kyrkja vil ha ei lovpålagt plikt til å ha ei landsdekkjande presteteneste med ei viss organisering, men ikkje vil ha råd til å drifte den.

Endå meir sett på spissen vil dette vere i den varsla «fase 2» av omstruktureringa, slik dette er formulert i høyringsdokumentet. Her vert det sagt at ein vil vurdere å gå over til medlemsfinansiering i staden for statleg finansiering. Dette høyrer rart ut. Det er utvilsamt eit prinsipielt spørsmål om det vil vere høve for staten å vedta i lov at det skal vere prest, prost og biskop i sine høvesvise einingar, men ikkje vere bunde til å sørge for finansieringa som trengs for å utføre dette oppdraget.

3. Departementet si rolle ved soknesamanslåing

I kapittel 7 i høyringsnotatet vert andre, mindre framlegg til endring i kyrkjelova drøfta. Hovudmålet er her å trekke departementet ut av roller som i og med eit tydelegare skilje mellom stat og kyrkje bør overførast til kyrkja. Ein naturleg sak å gjere noko med her, ville vere departementet si rolle ved soknesamanslåing.

I Haram er det for tida to sokn som vurderer å søkje om forsøk med felles sokneråd. Det har òg vore vurdert å gjennomføre full samanslåing av sokna. I løpet av prosessen med å finne ut av regelverket knytt til dette saksområdet, har fellesrådet blitt klar over eit paradoks. I kraft av delegert mynde frå departementet, er det i dag bispedømerådet som har rett til å endre grenser mellom sokn og slå saman sokn. Men det er framleis departementet som sit med retten til å godkjenne forsøk med felles sokneråd, i kraft av kyrkjelova § 5, 4. ledd. Altså har departementet framleis retten til å godkjenne *forebelse* forsøk med felles sokneråd, medan det har delegert mynde til bispedømeråda til å godkjenne full og *varig* samanslåing av sokn. Merk at det ikkje er noko krav om å gjennomføre forsøk med felles sokneråd for å søkje om full soknesamanslåing. I beste fall er denne ordninga utilsikta, i verste fall idioti.

Dessverre har ikkje departementet nytta høvet til å gjere noko med dette i høyringsnotatet. Viss departementet er redd for å gi frå seg mynde når det gjeld soknesamanslåing på grunn av dei økonomiske konsekvensane dette eventuelt kunne få for kommunane, burde det nytta høvet til å trekke tilbake myndigheita frå bispedømeråda. Men viss departementet er av ei slik meining at heile dette sakskomplekset kan handterast av bispedømeråda, bør også godkjenning av prøveordning med felles sokneråd overlatast til bispedømeråda. Ordninga er ikkje logisk slik ho er i dag, og vil ikkje verte meir logisk av å la ho stå uendra for framtida.

Venleg helsing

Haram kyrkjelege fellesråd

